



Humlepungen vann i 2010

Det er god påmelding til uppskoka og Kvinnheradmeisterskap i Dønhaugkjedlaren i morgon kveld der alle bør vera på plass seinast klokka 20.30.

Det store spørsmålet er om Humlepungen Bryggjarlag kan ta sin tredje siger på like mange år. 12 lag er påmeldt og 50 har sagt frå at dei vil vera med denne kvelden.



- Og Humlepungen vann i 2009

Dersom det er nokre etternølarar ber arrangøren om at dei melder frå straks. Blant dei 50 er 12 påmeldte bryggjarlag frå heile kommunen, dommarar og andre påmeldte.

Kvelden går etter oppsett plan med program og matøkt. Tilskiparen er ikkje minst nøgd med at den profesjonelle pubartisten Robert Smith Hald frå Pennsylvania og Bergen vil delta. Han gjer det faktisk etter eige ynskje.

Robert er sjølv ølbryggjar og i dette høve vil han også vera med i dommargruppa saman med to lokale. deltakarar som er Ole Jakop Albrethson frå Rosendal og Jon-Gunnar Lundquist frå Halsnøy. Men sjølv sagt vil vi også få høyra han som ein framifrå artist, med ei unik livshistorie.

Av Ola Matti Mathisen

Foto: Kvinnheringen og Ola Matti Mathisen